

Næringsavdelinga**Sakshandsamar:**

Audhild Schaathun

E-post: audhild.schaathun@sfj.no

Tlf.: 57 65 62 56

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.**Dykkar ref.****Dato**

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
Askedalen 2

6863 Leikanger

Tilsegnsbrev og føringar for verkemiddelbruk 2014 - Oppdragsbrev

1. Tilsegn om regionale utviklingsmidlar for

Fylkestinget løyvde i budsjett 2014/(økonomiplan 2013-2016) 32,7 mill. kr. i rammeløyving til Innovasjon Norge for 2014. Inkludert i dette er løyving til bedriftsretta tiltak (lån ,tilskot og etablerarstøtte), inkubatorstipend og tilretteleggande satsingar innan design, leiarutvikling og internasjonalisering.

Midlane kan ikkje nyttast til dekking av administrasjonskostnader utan etter særskilt avtale med fylkeskommunen.

Bruken av midlar som ikkje vert nytta i budsjettåret, skal drøftast med fylkeskommunen.

Hovudutval for plan og næring har ein intensjon om å løyve 8 mill. kr av midlane frå Statsbudsjettet kap. 551, post 61, kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift, til bedriftsretta tiltak forvalta av Innovasjon Norge. Desse midlane skal hovudsakleg nyttast innan kommunane Førde, Sogndal og Flora. Elles gjeld føringane i dette tilsegnsbrevet. Løyvinga vert først gjort gjeldande etter at ramma for 2014 er kjend, og handsama av hovudutvalet.

Hovudutval for plan og næring handsama i sak xx/14 føringar for Innovasjon Norge sin verkemiddelbruk for 2014.

2. Overordna føringar for verkemiddelbruk 2014

Bedriftsretta verkemiddel

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge som operatør for den bedriftsretta satsinga. Midlane vert nytta som tilskot til bedrifter, påfyll av tapsfond i samband med utlån og til etablerarordningar. Fylkeskommunen ønskjer at Innovasjon Norge i det bedriftsretta arbeidet tek ei proaktiv rolle innafor satsingsområda i verdiskapingsplanen, og skildrar denne aktiviteten i si årlege rapportering.

Klima og miljø

I tråd med tiltak i fylkesdelplan for klima og miljø ber fylkeskommunen Innovasjon Norge om å stille strenge krav om miljøprofil ved tildeling av offentleg støtte til næringslivet.



Samfunnsansvar

Fylkeskommunen ber Innovasjon Norge om å bidra til at potensiale for å auke konkurranseevna gjennom auka fokus på samfunnsansvar, vert utnytta.

Hovudsatsingane innan næringsutvikling i 2014 er:

Næringsnøytrale satsingar

- Nyskaping
- Kunnskap

Bransjeorienterte satsingar

- Sjømatnæringane
- Fornybar energi
- Olje og gass
- Reiseliv
- Landbruk

I tillegg kjem omstillingsarbeidet i kommunane og prosjekt Kommunal næringsutvikling

Fylkeskommunen ynskjer å stø initiativ knytt til datalagring. Det er viktig at Innovasjon Norge, gjennom å stø gode prosjekt, kan vere med å løyse ut denne satsinga.

3. Mål for Innovasjon Norge Sogn og Fjordane sin aktivitet

Delmål 1: Fleire gode gründarar

Sogn og Fjordane treng fleire nyskapande og framtidsretta arbeidsplassar. Fylkeskommunen ber Innovasjon Norge prioritere verksemdar som bidreg til at dette skjer.

Delmål 2: Fleire vekstkraftige bedrifter

Kunnskapsintensiv verksemd

Talet på arbeidsplassar innafør kunnskapsintensive næringar skal aukast. Skal fylket lukkast med dette, må det fokuserast sterkare på vekstsentra og nettverkssamarbeid. Innovasjon Norge må til liks med fylkeskommunen sette innsats og midlar inn der dette vil gje størst effekt, og der resultatet vil ha betydning for eit større bu- og arbeidsområde.

Fylkeskommunen ber Innovasjon Norge ta eit spesielt ansvar for tilrettelegging for vekst innafør kunnskapsintensiv verksemd.

Auka bruk av FOU i næringslivet

Det må sikrast ei tettare samhandling mellom virkemiddelapparatet, forskingsmiljøa og næringslivet. Fylkeskommunen ber Innovasjon Norge ta ei aktiv rolle for å setje FOU på dagsorden i fleire bedrifter og medverke til innovasjon og marknadsorientering. Innovasjon Norge må ha fokus på kunnskapsintensiv og kreativ verksemd uavhengig av bransje. Det er eit langsiktig mål å få til fleire innslag av samarbeid mellom akademia og lokalt næringsliv.

Delmål 3: Fleire innovative næringsmiljø

Innovasjon Norge bør stimulere til meir nettverkssamarbeid og fleire nettverksprosjekt i næringslivet. Erfaringane frå slik organisert samhandling har positive effektar på utvikling og vekst blant deltakande bedrifter.

4. Koordineringsbehov

I utviklingsarbeidet må vi finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten som fylkeskommunen og INU tek seg av, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge (lån, tilskot og etablerarstøtte). Fylkeskommunen vil peike på at det er Innovasjon Norge som har fagkunnskapen om bedriftsretta satsing. Oppdragsbrevet er difor ikkje altfor detaljert, og skal

ikkje automatisk overstyre faglege vurderingar. Gråsonesaker skal drøftast i løpande dialog eller i styringsdialogmøte.

Det er utarbeidd eit notat med klargjering av rolledelinga mellom IN sine bedriftsretta tiltak og fylkeskommunen sine tilretteleggande tiltak, prinsipp for arbeidsdeling og rolledeling i finansieringssaker mellom Innovasjon Norge og kommunane, og andre presiseringar i høve samarbeidet knytt til kommunalt næringsutviklingsarbeid. Notatet ligg ved.

Eigarrolla som fylkeskommunen har andsynes Innovasjon Noreg vert ikkje omtala her. Denne rolla vert teken i vare gjennom styringsdialogmøta, og i eige notat eller sak til hovudutvalet.

Det er også viktig å koordinere innsatsen gjennom Innovasjon Norge med midlar forvalta av andre aktørar, mellom anna gjennom INU-FSF (foreininga som forvaltar midlar til kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift i Førde, Sogndal og Flora). Dette må avklarast nærare i styringsdialogmøta.

5. Særlege regionale tilpassingar

Verdiskapingsplanen

Regional plan for verdiskaping blir vedtatt i juni 2014, og vil legge føringar for arbeidet frå 2015. Vi vil starte arbeidet med å tilpasse oss planen i 2014. Hovudsatsingane innafor næringsutvikling i 2014 samsvarar med satsingar som er peika på i planprogrammet. Både fylkeskommunen og Innovasjon Norge må sikre nok handlingsrom til å følgje opp planen.

Utviklingsarbeid

Innovasjon Norge følgjer opp omstillingskommunane særskilt. Vi viser elles til etablert praksis og godt samarbeid med Innovasjon Norge. Føringane i høve omstillingskommunane vart lagt i sak til hovudutval for plan og næring i februar.

Presiseringar

Reiseliv

Det vert føresett at Innovasjon Norge følgjer opp satsingane i reiselivsplanen, og tek del i det samordnande partnerskapsarbeidet. Innovasjon Norge har ansvaret for aktørretta innsats. Det vert synt til partnerskapsavtalen om oppfølging av reiselivsplanen og årlege handlingsplanar knytt til reiselivsplanen. Fylkeskommunen viser til tiltaket innan miljøsertifisering av bedrifter, mellom anna innan reiseliv. Der vil Innovasjon Norge få ei rolle i arbeidet med å medverke til utviklinga av bærekraftige destinasjonar. Fylkeskommunen syner til at styringsgruppa for reiselivsplanen har peika på «vandring» som overordna tema for arbeidet. Tiltak som gjer naturen tilgjengeleg vil vere viktige. Mange slike tiltak vil ha preg av infrastruktur, sjølv om dei vert sette opp i regi av private verksemdar. Fylkeskommunen ber om at Innovasjon Norge vurderer å støtte forstudiar i førebuinga av større installasjonar som til dømes gondolbaner og besøksanlegg. Fylkeskommunen strekar under at ein må ha god dialog rundt ulike prosjekt som kan ligge i grenseland mellom kommersielle prosjekt og infrastrukturtiltak.

Vi ber Innovasjon Norge følgje opp aktuelle tiltak i Vestlandsrådet sin reiselivsstrategi når desse vert konkretisert.

Fornybar energi, olje og gass

Vi ber Innovasjon Norge vere ein pådrivar for utvikling av leverandørindustrien gjennom til dømes «Energiregion Sogn og Fjordane». Det er mange av dei same leverandørane som leverer varer og tenester til olje- og gassnæringane, som til fornybar energi. I samband med oppfølginga av «Utviklingsanalyse for petroleumsvirksomhet, Sogn og Fjordane mot 2030», ber

fylkeskommunen Innovasjon Norge om å vere særleg merksam på prosjekt og tiltak som kan støt denne. Vi ber særleg om at aktiviteten i Maritim Foreining blir støtta der det er naturleg.

Sjømatnæringane

Det må vere fokus på at dei bedriftsretta tiltaka innan sjømatnæringa skal verke saman med dei tilretteleggande tiltaka fylkeskommunen har fokus på i 2014.

I AHA (Arbeidsprogram for heilskapleg akvakultur) set ein utvikling mot ei meir berekraftig akvakulturnæring på dagsordenen. Innovasjon og ny teknologi er viktig for vidare vekst i næringa. Bedriftsretta initiativ som byggjer opp under dette bør prioriterast.

Attverande verdikjede innan oppdrettstorsk er i all hovudsak lokalisert til Sogn og Fjordane, og vi ber om at den nasjonale og internasjonale kompetansen som her er opparbeida, vert teke vare på. Avlsarbeidet på torsk har bringa næringa til eit så lågt kostnadsnivå at den er økonomisk interessant. Akvakulturnæringa treng innovasjon og utvikling også i form av nye artar og produkt. Dette tek tid og ressursar der også det offentlege må ta sin del av kostnadane.

Prosjekt

Arbeidet mot kommunane skal få auka fokus og merksemd. Samarbeidet er konkretisert gjennom prosjektet Kommunal næringsutvikling. Fylkeskommunen ber om at IN i tillegg tek eit spesielt ansvar for å komme med innspel som bidreg til kvalitetssikring av næringsarbeidet i kommunane, og er tilgjengeleg for kommunane med råd og rettleiing i næringsfondssaker.

Geografisk nivå

Innovasjon Norge skal prioritere innsatsen sin mot levedyktige næringsklynger og større bu- og arbeidsmarknadsområde, men samstundes ta tak i dei verkeleg gode initiativa uavhengig av geografi. Ei samling av hovudinnsatsen i tyngre satsingsområde vil gje meir kraft i dei områda som ein prioriterer høgast.

Brukargrupper – prioriterte målgrupper

Innovasjon Norge har i sin handlingsplan eit særskilt fokus på ungdom og kvinner. Det er viktig at denne satsinga vert vidareført og forsterka også gjennom stimulering av bedriftsetableringar som aukar fylket sin attraktivitet blant ungdom. Når det gjeld kvinnesatsinga til Innovasjon Norge i vårt fylke, har vi registrert god måloppnåing dei siste åra. Kvinner si deltaking i næringslivet på eigarsida, i styrerom og leiing er svært viktig for utviklinga av fylket vårt. Likeeins er det viktig å ha fokus på innvandrarakar som ein ressurs både som næringsaktørar og tilsette.

Når det gjeld kvinner som prioritert målgruppe vert det sett eit mål om at 40% av verkemidla som Innovasjon Norge er operatør for, skal gå til kvinner.

6. Krav til dokumentasjon av resultat

Rapportering

Fylkesdirektøren ynskjer ein tett dialog gjennom året med Innovasjon Norge om gjennomføring av satsingane i oppdragsbrevet. Dette går både på administrative oppfølgingsmøter og orienteringar i hovudutvalet.

Fylkeskommunen krev rapportering i tråd med oppdragsbrevet. I samarbeid med Innovasjon Norge er det utarbeidd ei "sjekkliste" for tema som skal gjennomgåast i styringsdialogmøta og i årsrapporteringa. Det vert lagt opp til tre administrative styringsdialogmøte (mars/april, september og desember).

Fylkeskommunen skal aktivt trekkast med i drøftinga av Innovasjon Norge Sogn og Fjordane sin handlingsplan.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør

Audhild B. Schaathun
seniorrådgjevar

Vedlegg:
Notat - ”Retningslinjer for arbeidsdeling i finansieringssaker”

Mottakar (ar)
Innovasjon Norge Sogn og Fjordane, Askedalen 2, 6863 Leikanger